

Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga

Postboks 7900

5020 BERGEN

Vår dato: 04.07.2014

Vår ref: 2013/4163 - 17044/2014 / 201308

Dykkar ref:

Områderegulering gnr/bnr 23/1 m.fl. Sævarhagen, Haga, Nedre Økland - kostnadsoverslag for arkeologisk registrering

Me viser til brevet Dykkar av 23.06.2014 med kostnadsoverslag for arkeologiske registreringar. Kommunen finn det heilt urimeleg at områdereguleringa som no er sett i gang skal utløysa krav om arkeologiske registreringar av eit slikt omfang som det fylkeskommunen v/fylkeskonservatoren legg opp til.

Områdereguleringa er sett i gang for å gje jordbruksareala i området eit betre vern enn det eit LNF-område i kommuneplanen gir etter at landbruksavdelinga hos fylkesmannen sette krav om dette i samband med tidlegare kommuneplanarbeid. I kommuneplanen er difor området vist som område som er bandlagt for regulering. I tillegg er føremålet med planarbeidet å regulera trase for kyststi.

Dersom fylkeskommunen opprettheld kravet om at den arkeologiske registreringa må omfatta jordbruksareala, kan ikkje kommunen sjå anna enn at områdereguleringa må avgrensast til berre å omfatta turstien. Jordbruksareala vil då igjen få status som LNF- område i kommuneplanen med omsynssone landbruk, men utan bandlegging for regulering. Kommunen ønskjer eit møte med Dykk etter sommarferien for å drøfta dette og vil ta kontakt for å gjera nærare avtale om tidspunkt.

Med helsing

Lovise Vestbøstad
Einingsleiar

Ove Kvalnes
Fagansvarleg plan

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift

Forvaltningsstyret
Fylkesmannen i Hordaland, Kommunal- Postboks 7310
og samfunnsplanavdelinga

5020 BERGEN